

RAPPORT

---

# Kommune-undersøkinga 2019

---



Utgjeven av: Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) 2019

ISBN: ISBN 978-82-7768-500-7 (PDF)

Grafisk produksjon: ETN Grafisk, Skien



---

# Kommuneundersøkinga 2019

---



	<b>Samandrag</b> .....	<b>5</b>
<b>1</b>	<b>Innleiing</b> .....	<b>7</b>
<b>2</b>	<b>Etterleving av kommunal beredskapsplikt</b> .....	<b>9</b>
	2.1 Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse.....	10
	2.2 Overordna beredskapsplan.....	14
	2.3 Heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiksarbeid.....	18
	2.4 Kommunen som samordnar .....	22
<b>3</b>	<b>Fylkesbarometer</b> .....	<b>27</b>
<b>4</b>	<b>Særtema 2019</b> .....	<b>29</b>
	4.1 Naturhendingar, følgjehendingar og konsekvensar .....	30
	4.2 Totalforsvaret.....	34
	4.3 Drikkevassforsyning.....	37
	4.4 Helseberedskap .....	37
	4.5 Eigenberedskapskampanjen .....	38
	<b>Vedlegg</b> .....	<b>39</b>
	Spørjeskjema 2019 .....	<b>40</b>



## SAMANDRAG

DSB har sidan 2002 gjennomført ei spørjeundersøking blant kommunane i landet om status for samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunen.

Kommuneundersøkinga for 2019 viser at den positive utviklinga i arbeidet med samfunnstryggleik på kommunalt nivå held fram. Mange kommunar tilfredsstiller lov- og forskriftskrava, og det er ei positiv utvikling i det systematiske arbeidet med kommunal beredskapsplikt.

Det største forbedringspotensialet ligg i å ha oppdaterte planar. For at arbeidet med samfunnstryggleik ikkje blir ei pliktøving for å tilfredsstille gjevne krav, er det viktig å bruke resultatane aktivt og systematisk. DSB ønskjer å løfte fram kor viktige akkurat desse krava er.

Vidare blir plan- og bygningslova i for liten grad brukt som eit aktivt verkemiddel for å vareta samfunnstryggleiken. Det er viktig at funn frå arbeidet med heilskapleg ROS blir tekne att i oppfølgingsplanar og i plankart og reglar.

I årets rapport har vi hatt eit særskilt blikk på effekten av samarbeid. Analysar av resultatane viser ein klar samanheng mellom kvaliteten på elementa i samfunnstryggleiksarbeidet og dei kommunane som samarbeider breitt med andre. DSB tilrår derfor sterkt ytterlegare å auke samarbeidstakta der dette er mogleg.

Særtema i år handlar om alvorlege naturhendingar, drikkevassforsyning, totalforsvar, eigenberedskapskampanjen og helseberedskapsplanar i kommunane.

Fleire enn halvparten av kommunane seier i undersøkinga i år at dei har opplevd ei eller fleire alvorlege naturhendingar dei siste to åra. Hendingane gav svikt og forstyrningar i kritiske samfunnsfunksjonar, og førte også til skadar på infrastruktur og private bustader. I tillegg førte naturhendingane og følgjehendingane til behov for evakuering.

Mange kommunar svarer at overordna beredskapsplan er samordna med beredskapsplan for drikkevassforsyning.

DSB sitt Totalforsvarsprogram skal det neste året rette seg spesielt inn mot lokalt og regionalt nivå. Kartlegginga i årets kommuneundersøking viser at dei kommunane som har samarbeidd med Forsvaret og/eller deltok i den store NATO-øvinga Trident Juncture, også er dei som best kjenner til arbeidet med totalforsvaret.

I samband med eigenberedskapskampanjen i regi av DSB og Oslo kommune hausten 2018, sende DSB ut diverse kampanjemateriell til kommunane. Resultata i kommuneundersøkinga viser at kommunane synest at kampanjematerialet DSB gjorde tilgjengeleg, var nyttig og relevant. Samtidig er majoriteten av kommunane tydelege på at dei ønskjer endå meir materiell, råd og rettleiing frå DSB.

Vi har i tillegg stilt nokre spørsmål om helseberedskapsplanar på vegner av Helsedirektoratet.





KAPITTEL

---

# 01

---

Innleiing

---



## INNLEIING

Kommunane har ei sentral rolle i arbeidet med samfunnstryggleik på lokalt nivå. Dei har eit grunnleggjande ansvar for å vareta tryggleiken for befolkninga gjennom regelverket knytt til kommunal beredskapsplikt. I tillegg er kommunane lokal planetat og har ansvaret for at ein også tek omsyn til samfunnstryggleik i planlegging etter plan- og bygningslova.

Sidan 2002 har DSB jamleg gjennomført ei spørjeundersøking blant kommunane i landet om status for samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunen. Kommuneundersøkinga har sidan 2012 vore ei eigenrapportering frå kommunane på si etterleving av kommunal beredskapsplikt. Årets undersøking er den 15. som blir gjennomført, og tek også for seg særtemaa *naturhendingar, totalforsvaret, naudvatn, helseberedskap og DSB sin eigenberedskapskampanje*.

Undersøkinga er gjennomført elektronisk ved hjelp av spørjeundersøkingverktøyet SurveyXact. Kommuneundersøkinga blir send til beredskapskoordinator i kommunen, der vi tilrår at respondentane, etter behov, trekkjer inn annan nødvendig fagkompetanse når dei svarer på undersøkinga.

Fleire kommunar peikar på at kommuneundersøkinga er ei nyttig påminning om kommunen sine plikter:

*“Undersøkinga er nyttige sjekkpunkt for eiga planlegging”.*

Samtidig er mange kommunar i gang med kommunesamanslåing. Fleire har kommentert at det påverkar arbeidet på dette feltet:

*“Vi er midt i en kommunesammenslåingsprosess. Det betyr at arbeidet med ROS-analyse og beredskapsplan i egen kommune er utsatt, og nå skjer i samarbeid med kommunene vi skal slå oss sammen med fra 01.01.2020”.*

Fylkesberedskapssjefane bruker resultatane frå kommuneundersøkinga aktivt i oppfølgingsarbeidet sitt. Saman med tilsyn frå fylkesmannen, utgjør kommuneundersøkinga grunnlaget DSB har for vurdering av status for samfunnstryggleiksarbeidet i kommunane. På bakgrunn av resultatane vurderer DSB og fylkesmennene behov for oppfølging og bistand til kommunane. I dei opne kommentarfelta i spørjeskjemaet, er det i tillegg uttrykt ønske om faglege bidrag frå DSB. Desse innspela er svært viktige for oss, og vi tek dei med som innspel i det vidare arbeidet vårt.

Spørjeundersøkinga vart sendt ut til alle kommunar i landet 8. januar, med endeleg svarfrist 30. januar. DSB har fått uvurderleg hjelp frå fylkesmannsembeta i å minne kommunane på å svare. Heile 95 prosent av kommunane har svart på årets undersøking.

KAPITTEL

---

# 02

---

Etterleving  
av kommunal  
beredskapsplikt

---

Den lovpålagde beredskapsplikta kommunane har, er gjeven i §§ 14 og 15 i sivilvernelova. Disse er vidare konkretiserte i forskrift om kommunal beredskapsplikt. Viktige verkemiddel i samfunnstryggleiksarbeidet er heilskapleg ROS-analyse og overordna beredskapsplan.

Lov og forskrift om kommunal beredskapsplikt rettar seg mot uønskte hendingar som utfordrar kommunen. Krav til kommunen om rutinar knytte til kvardagshendingar finst i anna regelverk.

Kommunal beredskapsplikt gjev kommunen ei rolle som lokal samordnar. Samordningsansvaret inneber at kommunen tek ei pådrivarrolle og inviterer med andre samfunnstryggleiksaktørar. Samordningsansvaret gjeld for alle oppgåvene i samfunnsstryggleikskjeda, frå å ha oversikt over risikoforhold i kommunen, til å tenkje førebygging, krisehandtering, og til gjenoppbygging og læring etter hendingar og øvingar (figur 1).


## 2.1

### HEILSKAPLEG RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE

Ein viktig føresetnad for eit godt kommunalt samfunnstryggleiksarbeid er å ha oversikt og kunnskap om risiko og sårbarheit i kommunen. Det er derfor eit lovpålagt krav om at alle kommunar skal utarbeide ein heilskapleg ROS-analyse.

Gjennomføringa av heilskapleg ROS har stabilisert seg på eit høgt nivå i kommunane, med små årlege svingingar.

- Heile 98 prosent av kommunane opplyser at dei har gjennomført heilskapleg ROS. Til samanlikning var tala høvesvis 97 og 98 prosent i 2017 og 2018 (figur 2).



**FIGUR 1.** For å illustrere at arbeidet med samfunnstryggleik skal vere heilskapleg og systematisk, presenterer ein ofte elementa i eit såkalla demings hjul – ein metode for kvalitetsforbetring. Alle ledd i hjulet eller kjeda er avhengige av samordning på tvers av sektorar, og eit godt samarbeid med private og frivillige aktørar.

For at heilskapleg ROS skal vere eit nyttig og oppdatert planleggingsgrunnlag, tilrår DSB at heilskapleg ROS blir revidert kvart fjerde år, i samband med utarbeiding av kommunal planstrategi. Heilskapleg ROS skal elles reviderast ved endringar i risiko- og sårbarheitsbiletet.

- 79 prosent av kommunane opplyser at dei har gjennomført heilskapleg ROS i løpet av dei fire siste åra, mot 81 prosent i 2018 og 82 prosent i 2017.

Resultata i årets kommuneundersøking viser at det framleis er ein veg å gå for at alle kommunar heile tida har ein oppdatert ROS-analyse.

### 2.1.1 MINIMUMSKRAVA TIL HEILSKAPLEG ROS

Forskrift til kommunal beredskapsplikt stiller nokre minimumskrav til den heilskaplege ROS-analysen. Analysen skal som eit minimum omfatte:

- eksisterande og framtidige risiko- og sårbarheitsfaktorar i kommunen
- risiko og sårbare sider utanfor dei geografiske områda til kommunen som kan ha noko å seie for kommunen
- korleis ulike risiko- og sårbarheitsfaktorar påverkar kvarandre
- særlege utfordringar knytte til kritiske

samfunnsfunksjonar og tap av kritisk infrastruktur


- evna kommunen har til å halde verksemda si ved lag når han blir utsett for ei uønskt hending og evna til å ta opp att verksemda si etter at hendinga har skjedd
- behov for befolkningsvarsling og evakuering

I kommuneundersøkinga har vi valt ut nokre av minimumskrava (krav a, b, d og e) for å kunne seie noko om kvaliteten på dei analysane som er gjorde.

- Blant kommunar som har gjennomført heilskapleg ROS, opplyser 95 prosent at dei har gjort vurderingar av framtidig risiko og sårbare sider.
- 93 prosent opplyser at dei har vurdert risiko og sårbarheit utanfor kommunen sitt geografiske område.
- 99 prosent opplyser at dei har vurdert særlege utfordringar knytte til kritiske samfunnsfunksjonar.


Kommunen si evne til å halde verksemda si ved lag når han blir utsett for ei uønskt hending, presenterer vi i kapittel 2.1.2 (minimumskrav (e)).

Sjølv om 98 prosent av kommunane opplyser at dei har heilskapleg ROS, så får vi eit anna bilete når vi knyter svara opp mot dei utvalde minimumskrava omtalte over. Samla sett er det 65 prosent av kommunane som har heilskapleg ROS som oppfyller alle utvalde krav (figur 2).



FIGUR 2. Delen kommunar med heilskapleg ros (opphavleg opplyst) og med utvalde krav frå 2014–2019.

**FIGUR 3.** Kart som viser ei oversikt over kva kommunar som oppfyller alle minimumskrava til heilskapleg ROS (mørkegrønt), kva kommunar som berre manglar eitt krav (lysegrønt) og kva kommunar som manglar fleire minimumskrav eller ikkje har svart på spørsmålet (oransje).



Kartet (figur 3) viser at Vestfold og Telemark, Innlandet, Agder, Oslo og Viken, og Rogaland har den største delen av kommunar som oppfyller flest minimumskrav til heilskapleg ROS. Frå Vestlandet og nordover er det færre kommunar som oppfyller like mange krav. Analysar av tala viser også at det er ein større del blant dei største kommunane (over 20000 innbyggjarar) enn blant dei mindre som oppfyller minimumskrava til heilskapleg ROS.


Ser vi nærare på tala, ser vi at 24 prosent manglar berre eitt krav for å oppnå 100 prosent. 10 prosent av kommunane manglar fleire krav. Det kravet flest kommunar manglar, er ein oppdatert ROS-analyse som ikkje er meir enn fire år.

For å kunne utvikle og forbetre samfunnstryggleiksarbeidet er det viktig at kommunen jamleg vurderer om ny kunnskap gjer at risiko- og sårbarheitsbiletet er endra. Det kan til dømes vere ny kunnskap om klimaendringar som det er viktig at kommunen tek omsyn til. Det kan også vere gjennomført tiltak som har ført til endringar i risikobiletet, som etablering av ny verksemd som handterer farlege stoff i kommunen. Eller om kommunen har hatt øvingar eller hendingar som har avdekt nye sårbarheiter.

Slike vurderingar kan føre til behov for oppdateringar. Ny kunnskap som påverkar risikobiletet i større grad kan gje behov for full gjennomgang av analysen. Revisjonen – liten eller stor - skal uansett alltid behandlast vidare i ein ny plan for oppfølging.

### 2.1.2 KRITISKE SAMFUNNSFUNKSJONAR OG KRITISK INFRASTRUKTUR

I forskrift til kommunal beredskapsplikt er det lagt vekt på å vurdere særlege utfordringar knytte til kritiske samfunnsfunksjonar og tap av kritisk infrastruktur. Vurderingane kan avdekkje behov for tiltak for å sikre det å kunne halde ved lag kritiske funksjonar ved uønskte hendingar. Dei som har gjennomført heilskapleg ROS, har derfor vorte spurde om dei har vurdert evna si til å halde ved lag følgjande utvalde funksjonar ved ei uønskt hending. Dette er minimumskrav (e) omtalte i kap.2.1.1 (figur 4).



FIGUR 4. Har kommunen i sin heilskaplege ROS vurdert evna til å halde ved lag følgjande funksjonar ved uønskte hendingar?

Til spørsmålet om kommunen, i sin heilskaplege ROS-analyse, har vurdert evne til å halde ved lag følgjande funksjonar ved uønskte hendingar, svarer:

- 98 prosent at dei har vurdert evne til å halde ved lag helse- og omsorgstenester
- 95 prosent at dei har vurdert evne til å halde ved lag kriseleiing
- 96 prosent at dei har vurdert evne til å halde ved lag vatn og avløp
- 93 prosent at dei har vurdert evne til å halde ved lag brann- og redningstenester.

Resultata er ei vidareføring av ein positiv trend vi har sett i dei siste åra, der dei aller fleste kommunane har svart stadfestande på dette.

## 2.2 OVERORDNA BEREDSKAPSPLAN

Kommunane må vere førebudde på å handtere ulike typar uønskte hendingar, og på bakgrunn av den heilskaplege ROS-analysen skal dei utarbeide ein overordna beredskapsplan. Den overordna beredskapsplanen er ikkje meint å skulle samle og gje att alle dei einskilde beredskapsplanane i kommunen, men gje ein struktur som viser samanhengen mellom overordna beredskapsplan og beredskapsplanar innan ulike fagområde.

Talet på kommunar som har overordna beredskapsplan på plass, har vore stabilt høgt over fleire år. Resultata i årets undersøking stadfestar trenden.

- 96 prosent av kommunane svarer at dei har utarbeidd ein overordna beredskapsplan. (sjå figur 5).

Beredskapsplanen skal heile tida vere oppdatert, og som eit minimum skal han reviderast ein gong om året.

- 10 prosent er i gang med revidering inneverande år og 64 prosent reviderte planen i 2018, medan 25 prosent reviderte planen i 2017 eller tidlegare.

Resultata viser at det framleis er ein del å gå på når det kjem til å tilfredsstille lovkravet om at beredskapsplanen skal vere oppdatert og reviderast minimum éin gong per år.

### 2.2.1 MINIMUMSKRAVA TIL OVERORDNA BEREDSKAPSPLAN

Overordna beredskapsplan skal utarbeidast med utgangspunkt i heilskapleg ROS.

- 76 prosent av dei som har overordna beredskapsplan, svarer at den heilskaplege ROS-analysen dannar utgangspunkt for planen.

I tillegg skal beredskapsplanen, som eit minimum, innehalde:

- a. ein plan for kommunen si kriseleiing som gjev opplysningar om kven som utgjer kommunen si kriseleiing og deira ansvar, roller og fullmakter, medrekna kven som har fullmakt til å bestemme at kriseleiinga skal samlast
- b. ei varslingsliste over aktørar som har ei rolle i krisehandteringa til kommunen Kommunen skal varsle alle som står på varslingslista om deira rolle i krisehandteringa
- c. ei ressursoversikt som skal innehalde opplysningar om kva ressursar kommunen sjølv har til rådvelde og kva ressursar som er tilgjengelege hos andre aktørar ved uønskte hendingar Kommunen bør på førehand inngå avtalar med relevante aktørar om bistand under kriser
- d. evakueringsplanar og plan for befolkningsvarsling basert på den heilskaplege ROS-analysen
- e. plan for krisekommunikasjon med befolkninga, media og eigne tilsette.




For å kunne seie noko om kvaliteten på overordna beredskapsplan, har vi spurt om oppfølginga av desse minimumskrava (med unntak av plan for befolkningsvarsling).

- Blant kommunane som har utarbeidd overordna beredskapsplan, opplyser alle (100 prosent) at dei har ein plan for kriseleiinga i kommunen.
- 99 prosent opplyser at dei har varslingslister på plass.
- 97 prosent har oversikt over interne og eksterne ressursar.
- 93 prosent opplyser at dei har ein plan for krisekommunikasjon.
- 90 prosent opplyser at dei har ein evakueringsplan.

Sjølv om 96 prosent av kommunane opplyser at dei har ein overordna beredskapsplan, og mange av minimumskrava (a-e) er oppfylte, så får vi eit anna bilete når vi knyter alle svara saman (figur 5).


- 57 prosent av kommunane har ein beredskapsplan som oppfyller alle dei utvalde krava.

Samla sett har det vore ei positiv utvikling dei siste åra med fleire kommunar som har alle minimumskrav på plass. Likevel må det kunne seiast å vere rom for forbetring. Ser vi nærare på tala, ser vi at 29 prosent manglar berre eitt minimumskrav før dei oppfyller alle krav vi spør om. 10 prosent manglar to eller fleire krav.



FIGUR 5. Delen kommunar med overordna beredskapsplan og kontroll for utvalde minimumskrav frå 2014–2019.

**FIGUR 6.** Kart som viser ei oversikt over kva kommunar som oppfyller alle minimumskrava til overordna beredskapsplan (mørkegrønt), kva kommunar som berre manglar eitt krav (lysegrønt) og kva kommunar som manglar fleire minimumskrav eller ikkje har svart på spørsmålet (oransje).



Ser vi på kartet som viser oversikta over kommunar med oppfylte minimumskrav til overordna beredskapsplan, ser vi at det er kommunar i Oslo og Viken, Trøndelag, Møre og Romsdal og Vestfold og Telemark som gjer det best (figur 6). Dei seks andre embeta ligg under landsgjennomsnittet. Når vi ser nærare på kva kommunar som oppfyller minimumskrava til overordna beredskapsplan, så er det ein større del blant dei største kommunane (over 20 000 innbyggjarar) enn blant dei mindre, som oppfyller alle krav.

### 2.2.2 ER BEREDSKAPSPLANEN ØVD?


Forskrift til kommunal beredskapsplikt stiller krav om at kommunen skal øve beredskapsplanen kvart andre år. Scenarioa for øvingane bør hentast frå kommunen sin heilskapelege ROS-analyse. Dersom det skjer ei alvorleg hending i ein kommune, er handteringa avhengig av samvirke med andre aktørar. Øvingar er derfor ein viktig arena for kommunen i å utvikle samordningsrolla<sup>1</sup> si.

- 89 prosent av kommunane svarer at dei har øvd eigen beredskapsorganisasjon i løpet av dei siste to åra (figur 7).

Fleire kommunar melder gjennom kommentarfeltet at dei ikkje nødvendigvis har øvd, men har måtta handtere reelle hendingar, som dei har lært mykje av:

*“Ettersom vi opplever reelle hendelser gjentatte ganger (flom og skogbrann) så blir vi øvd”.*

Spørsmålsformuleringane knytte til øvingar har variert noko gjennom historia til kommuneundersøkinga. Det er derfor vanskeleg å samanlikne resultatane alle år. I 2016 stilte vi same spørsmål som i år, og vi har derfor valt å samanlikne med desse resultatane.




**FIGUR 7.** Er overordna beredskapsplan øvd? I så fall, i kva for eit år vart han sist øvd?

<sup>1</sup> DSB ga i 2018 ut en [veileder i planlegging, gjennomføring og evaluering av øvelser](#), som kan brukes som et utgangspunkt for tilpassede øvelser til kommunens behov og tilgjengelige ressurser.

I 2016 var det 77 prosent som hadde øvd beredskapsplanen i løpet av dei siste to åra. Tala i årets undersøking viser ei svært positiv utvikling og indikerer at verkemiddel, som krav i styrande dokument, rettleiing, tilsyn osv, gjev ønskt effekt. Spesielt peikar Trøndelag seg ut med svært gode resultat der alle kommunar har øvd beredskapsplanen i løpet av dei siste to åra. Nordland og Møre og Romsdal viser også veldig gode resultat. Det er nærliggjande å tru at den positive forbetringa kan kome av auka fokus på beredskap generelt i samfunnet og fleire store, reelle hendingar.

## 2.3 HEILSKAPLEG OG SYSTEMATISK SAMFUNNS-TRYGGLEIKSARBEID

Det er eit krav at samfunnstryggleiksarbeidet i kommunen skal vere heilskapleg og systematisk, og at det er forankra i kommunestyret. På bakgrunn av den heilskaplege ROS-analysen skal kommunen utarbeide mål og strategiar for samfunnstryggleiksarbeidet i kommunen og ha ein plan for oppfølging. ROS-analysen er dermed viktig for meir enn berre beredskapsplanlegging, og skal i tillegg vere med i plan- og styringssystema i kommunen (figur 8). Det er med andre ord eit krav om at samfunnstryggleiksarbeidet skal vere eit kontinuerleg arbeid også når det ikkje skjer ei hending eller er ei øving på gang.




FIGUR 8. Integrering og oppfølging av samfunnstryggleiksarbeidet i kommunen.

### 2.3.1 MÅL OG PLAN FOR OPPFØLGING

For å kartleggje om kommunane jobbar heilskapleg og systematisk med samfunnstryggleiksarbeidet, har vi spurt om dei har mål for arbeidet og plan for oppfølging. Målsetnader og strategiar bør spegle korleis kommunen vil jobbe for å styrkje samfunnstryggleiken og seie noko om dei vala kommunen vil ta for å nå dei langsiktige måla sine.

- 84 prosent av kommunane har utarbeidd mål for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.
- 79 prosent har utarbeidd planar for oppfølging av samfunnstryggleiksarbeidet.

Resultata i år viser at det er ei positiv utvikling i talet på kommunar som har utarbeidd mål for samfunnstryggleiksarbeidet. Talet på kommunar med plan for oppfølging ligg også stabilt høgt (figur 9).



FIGUR 9. Spørsmål om kommunen har utarbeidd mål for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap og om kommunen har utarbeidd plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet.

### 2.3.2 FORANKRING I KOMMUNESTYRET

Ein viktig indikator for kvaliteten på samfunnstryggleiksarbeidet er at det har ei forankring i den administrative og politiske leiinga i kommunen. Ved å leggje til rette for kommunestyrebehandling av heilskapleg ROS, plan for oppfølging og overordna beredskapsplan, blir det også lagt til rette for at kommunen tek stilling til viktige samfunnstryggleiksspørsmål. Kommunestyret bør involverast både i oppstart av arbeidet og når analysen ligg føre, men det er opp til kommunane sjølv å avgjere når og korleis dei gjer dette.

Årets undersøking viser at det generelt er god forankring av viktige styrande dokument i kommunestyret (figur 10).


Forankring av heilskapleg ROS i kommunestyret er eit krav i forskrift til kommunal beredskapsplikt og resultatata for i år viser at:

- heile 96 prosent av kommunane oppfyller dette kravet. Dette resultatet har auka jamt og trutt sidan vi spurde om dette første gong i 2014, der 78 prosent hadde forankra ROS.

Forankring av plan for oppfølging og overordna beredskapsplan er ikkje eit forskriftskrav, og resultatata for dette er også noko lågare, men likevel ganske stabilt høgt.

- Plan for oppfølging er forankra hos 71 prosent av kommunane mot 69 prosent i 2014.
- Overordna beredskapsplan er forankra hos 84 prosent av kommunane mot 78 prosent i 2014.

I tråd med ansvars- og likskapsprinsippet er det leiinga i kommunen i det daglege som også skal handtere ei uønskt hending. At kommunane vurderer det som viktig å involvere leiinga i kommunen, er ei fornuftig tilnærming slik at dei har kjennskap til og får eigarskap til beredskapsplanen. Alt i alt tyder tala på at den politiske leiinga i kommunane får eit godt kunnskapsgrunnlag for avgjerdene sine som påverkar det vidare arbeidet med samfunnstryggleik i kommunen.




FIGUR 10. Forankring av heilskapleg ROSros, plan for oppfølging og overordna beredskapsplan i kommunestyret.

## ETTERLEVING AV KOMMUNAL BEREDSKAPSLIKT

### 2.3.3 KOPLING MELLOM SAMFUNNSTRYGGLEIKSARBEID OG PLANSYSTEMET I KOMMUNEN

Forskrift til kommunal beredskapsplikt gjev kommunen plikt til å integrere og følgje opp samfunnstryggleiksarbeidet i planar etter plan- og bygningslova (pbl). I § 3-1 i pbl heiter det at planar skal fremje samfunnstryggleik ved å førebyggje risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdiar mv. Ved å integrere kommunen sitt arbeid med kommunal beredskapsplikt i plansystemet vil arbeidet i større grad synleggjerast og få ei tydelegare forankring (figur 11).

Heilskapleg ROS kan til dømes fungere som eit kunnskapsgrunnlag i kommunane sitt arbeid med planstrategi og kommuneplan. Funn i den heilskaplege ROS-analysen kan takast inn som satsingsområde der kommunen ofte tek stilling til langsiktige utfordringar, til dømes klimaendringar. Eventuelle tiltak kan følgjast opp gjennom handlingsdel og økonomiplan. I plan for oppfølging av heilskapleg ROS kan en skildre tiltak som skal følgjast opp i arealplanlegginga. Heilskapleg ROS kan i tillegg avdekkje naturfarar som må følgjast opp med ytterlegare undersøkingar.



**FIGUR 11.** Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap må integrerast i planar etter plan- og bygningslova.


Det kommunale plansystemet er eit vesentleg verkemiddel for å vareta samfunnstryggleik og leggje til rette for å utvikle trygge og robuste lokalsamfunn. Derfor har vi spurt kommunane om arbeidet deira med samfunnstryggleik er integrert i planar etter plan- og bygningslova.

Spørsmålet kastar lys over i kva gard det er ei kopling mellom heilskapleg ROS, overordna beredskapsplan og plansystemet kommunen har elles (figur 12). Årets undersøking viser at:

- 70 prosent har integrert samfunnstryggleiksarbeidet i kommunal planstrategi
- 69 prosent i kommuneplanen
- 41 prosent i handlingsdelen i kommuneplanen
- 35 prosent i kommunedelplan/temaplan for samfunnstryggleik og beredskap
- 39 prosent i kommunen sin økonomiplan
- 40 prosent svarer at det er integrert i andre planar

Vi stilte dei same spørsmåla i Kommuneundersøkinga 2014 og 2015, og vel derfor å samanlikne med desse svara.

Svara frå 2014 og 2015 og resultatata i år viser lita utvikling. I same periode har vi sett ei svært positiv utvikling i arbeidet kommunane gjer med kommunal beredskapsplikt. Det vil seie at det framleis er eit forbettringspotensial i å integrere arbeidet med samfunnstryggleik i planar etter plan- og bygningslova. Dette samsvarer med rapporteringar frå embeta, der ei gjentakande utfordring er at funn frå den heilskaplege ROS-analysen korkje er spegla i oppfølgingsplanen eller i plankart og føresegner. Det står derfor att ein god del innsats for å bruke plan- og bygningslova som eit aktivt verkemiddel for å vareta samfunnstryggleiken i kommunen.



**FIGUR 12.** Er arbeidet kommunen gjer med samfunnstryggleik og beredskap, integrert i ein eller fleire av følgjande planar etter plan- og bygningslova?

## 2.4 KOMMUNEN SOM SAMORDNAR

Kommunal beredskapsplikt gjev kommunen plikt til å vere ein pådrivar i arbeidet med samfunnstryggleik, invitere med andre samfunnstryggleiksaktørar og leggje til rette for samarbeid om verkemidla.

Heilt tilbake i kommuneundersøkinga frå 2003 vart det spurt om interkommunalt samarbeid. Det viktigaste samarbeidsområdet som då vart løfta fram, var brann og redning, der 70 prosent av kommunane var deltakarar i interkommunale ordningar. Elles samarbeidde 31 prosent om utstyr og 29 prosent i gjennomføring av øvingar. Berre 11 prosent av kommunane svarte i 2003 at dei ikkje deltek i faste samarbeidsordningar om beredskap.


I same undersøkinga vart kommunane spurde om kva område dei meinte ville vere eigna til utvida eller nye former for samarbeid med andre kommunar. Over halvparten av dei som svarte, såg opningar for utvida samarbeid innanfor øvingar, brann og redning, utstyr, ROS og kompetanse. Mykje av dette kan seiast å ha vorte vareteke gjennom etterleving av

kommunal beredskapsplikt etter 2010, spesielt innanfor heilskapleg ROS og overordna beredskapsplan, inkludert plan for kriseleing.

### 2.4.1 SAMARBEID OM HEILSKAPLEG ROS

I arbeidet med heilskapleg ROS er det ikkje berre sluttproduktet som er viktig, men også prosessen rundt. Mykje kunnskap kjem fram gjennom samarbeid med andre aktørar i ulike fasar av analysearbeidet. Fleire aktørar er viktige for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik, og kommunen skal leggje til rette for samarbeid med desse. Døme på slike aktørar er politi, frivillige organisasjonar, storulykkeverksemdar, energi- og nettselskap, Avinor, Kystverket, Forsvaret og Sivilforsvaret. Eit tverrfagleg samarbeid, både inneretter i kommunen og eksternt med andre offentlege og private aktørar, er vesentleg for å få relevant kunnskap.

Resultata i årets undersøking viser at det er ei lita positiv utvikling med tanke på samarbeid, men sjølv med forbetring frå i fjor er det framleis potensial for auka samarbeid (figur 13).



**FIGUR 13.** Kva for nokre aktørar har kommunen samarbeidd med innanfor heilskapleg ROS?



- Blant dei kommunane som har gjennomført heilskapleg ROS, så har 81 prosent samarbeidd med andre offentlege aktørar.
- 60 prosent svarer at dei samarbeider med private aktørar og 61 prosent med frivillige organisasjonar.
- 60 prosent har samarbeidd med andre kommunar.
- 47 prosent har samarbeidd med Sivilforsvaret og 28 prosent med Forsvaret.

Det vi ser, er at dei kommunane som rettar seg etter flest krav til heilskapleg ROS, også er dei kommunane som samarbeider mest med andre.

#### 2.4.2 SAMARBEID OM BEREDSKAPSPLANLEGGING


DSB rår til at kommunen utarbeider overordna beredskapsplan i samarbeid med andre samfunnstryggleiksaktørar. Då vil ein få gjensidig oversikt over planar, ansvar, roller og ressursar.

Blant dei kommunane som har ein overordna beredskapsplan, svarer:

- 76 prosent at dei har samarbeidd med andre offentlege aktørar.
- 63 prosent svarer at dei har samarbeidd med frivillige organisasjonar.
- 61 prosent har samarbeidd med andre kommunar.
- 47 prosent har samarbeidd med private aktørar.
- 47 prosent har samarbeidd med Sivilforsvaret og 26 prosent med Forsvaret.

Det er ein større del kommunar som oppfyller minimumskrava til overordna beredskapsplan som opplyser at dei samarbeider med andre aktørar i arbeidet med beredskapsplanlegging (figur 14).

Det er positivt at over halvparten av kommunane har etablert eit samarbeid med frivillige organisasjonar. I kommuneundersøkinga 2017 spurde vi i tillegg om kva organisasjonar dei samarbeidde med og om dei hadde inngått skriftlege avtalar med nokon av desse. Resultata i 2017 viste at 59 prosent av dei som samarbeidde med frivillige organisasjonar, hadde inngått ein skriftleg avtale om beredskapssamarbeid.



FIGUR 14. Kva for nokre aktørar har kommunen samarbeidd med innanfor beredskapsplanlegging?

### 2.4.3 SAMARBEID OM ØVINGAR OG KRISEHANDTERING

For å få til ei effektiv handtering av uønskete hendingar, er det nødvendig med samarbeid om øvingar og krisehandtering.

Øvingar er ein viktig arena for kommunane i å vidareutvikle samordningsrolla si. Kommunane bør derfor planleggje, gjennomføre og evaluere øvingar i samarbeid med eksterne aktørar. Scenarioa for øvingane bør hentast frå kommunen sin heilskaplege ROS.

Til dømes kan hyppigare og sterkare naturhendingar gje fleire situasjonar der beredskapsressursane blir uttømte, og det er derfor behov for å tenkje langsiktig og planleggje for handtering av hendingar som er større enn kva vi ser i dag.

Blant dei kommunane som har hatt øvingar, svarer:

- 83 prosent at dei har samarbeidd med andre offentlege aktørar.
- 58 prosent at dei har samarbeidd med andre kommunar.
- 48 prosent at dei har samarbeidd med frivillige organisasjonar.


Sjølv om dette er positive tal, meiner DSB likevel at kommunane framleis har meir å hente på å øve saman med andre samfunnstryggleiksaktørar (figur 15).

For å kunne handtere ei krise på ein god måte, er det nødvendig at deltakarar i kommunen sin kriseorganisasjon er kjende med ansvar, organisering og rollefordeling. Det er opp til kommunen sjølv korleis dei organiserer kriseorganisasjonen sin. Lov om kommunal beredskapsplikt stiller berre krav om ei kriseleiing, og at dei som inngår i krisehandteringa har fått opplæring. Ei kriseleiing vil ha behov for støtte, og vi har derfor spurt kommunane kven dei samarbeider med når det gjeld krisehandtering (figur 16).

Til spørsmålet om kven kommunane har samarbeidd med innanfor krisehandtering, så svarer:

- 78 prosent at dei har samarbeidd med andre offentlege aktørar.
- 57 prosent at dei har samarbeidd med andre kommunar.
- 52 prosent at dei har samarbeidd med frivillige organisasjonar.

Innanfor krisehandtering er det ein ganske bra auke frå 2017 til 2019 innanfor samarbeid med andre kommunar, men framleis i underkant av 60 prosent. Dette kan bli betre.



FIGUR 15. Samarbeid om øvingar.

Eit gjennomgåande funn viser at det er ein auke i samarbeid med andre kommunar innanfor alle samfunnstryggleiksoppgåvene (figurane 13–16), men vi meiner likevel at resultatane kunne vore betre. Samfunnstryggleiksfordringane følgjer ikkje nødvendigvis kommunegrensar, og det blir derfor oppmoda om auka samarbeid mellom kommunar.

#### 2.4.4 KOMMUNALT BEREDSKAPSRÅD

DSB tilrår kommunane å etablere kommunalt beredskapsråd. Det vil vere ein viktig arena for å vareta samordningsrolla innanfor samfunnstryggleiktsarbeidet i kommunane. Beredskapsrådet består ofte av lokale aktørar frå politisk og administrativ leiing i kommunen, representantar frå private og offentlege samfunnstryggleiksaktørar som eigarar av kritisk infrastruktur og kritiske samfunnsfunksjonar, næringsliv, frivillige organisasjonar, politi, Sivilforsvaret og Forsvaret. Det er naturleg å involvere det kommunale beredskapsrådet i arbeidet med heilskapleg ROS, overordna beredskapsplan og øvingar.

I årets kommuneundersøking spør vi for første gong om kommunen har etablert eit kommunalt beredskapsråd.


- Sju av 10 kommunar svarer at dei har etablert kommunalt beredskapsråd.

Ser vi nærare på tala, ser vi at kommunar med beredskapsråd også er dei kommunane som oppfyller flest minimumskrav til heilskapleg ROS. Tala viser vidare at kommunar med kommunalt beredskapsråd har ein høgare kvalitet på overordna beredskapsplan ved at dei tilfredsstiller flest krav.

- Embeta Innlandet og Vestfold og Telemark skil seg ut med ein prosentdel på høvesvis 98 og 100.

Sjølv om kommunalt beredskapsråd ikkje er eit forskriftskrav, har fylkesmannen Innlandet (tidlegare Oppland og Hedmark) sterkt oppmoda om det. Under flaumane i 2011 og 2013 erfarte dei at beredskapsråda spelte ei viktig rolle for krisehandteringa, og embetet meiner at hendingar også har bidrege til at fleire kommunar har etablert beredskapsråd.

I Vestfold og Telemark har alle kommunar følgd tilrådingane frå DSB om å etablere kommunalt beredskapsråd. Gjennom beredskapsråda kan kommunane oppfylle krava om heilskapleg arbeid og kravet om å vere pådrivar. Embetet stør også sjølv opp om og tek gjerne del i beredskapsrådsmøta.



FIGUR 16. Samarbeid om krisehandtering.



KAPITTEL

---

# 03

---

Fylkesbarometer

---



## FYLKESBAROMETER

Kommuneundersøkinga har dei seinare åra vist ei positiv utvikling når det gjeld talet på kommunar som oppfyller krava i kommunal beredskapsplikt.

Som tidlegare år presenterer fylkesbarometeret eit samla bilete av status for varetaking av kommunal beredskapsplikt i fylka i landet. Nytt i år er at vi presenterer resultatane med utgangspunkt i den nye inndelinga av fylkesmannsembeta frå 2019. Det gjer det vanskeleg å samanlikne utviklinga frå tidlegare år i ein samla og oversynleg figur. Årets fylkesbarometer viser derfor berre 2019-resultata.

Tala som er viste i barometeret, er delen kommunar som har heilskapleg ROS og oppfyller alle dei krava vi har spurt om (kartfesta i figur 3), overordna beredskapsplan med alle krav (kartfesta i figur 6), plan for oppfølging og gjennomsnittet av skåren i dei tre føregåande søylene (figur 17).

Dei fylkesvise skilnadene i oppfylling av heilskapleg ROS-krav og krav til overordna beredskapsplan er skildra i kapittel 2.1.1 og 2.2.1. Når det gjeld plan for oppfølging er det Vestland, Troms og Finnmark og Nordland som ligg under landsgjennomsnittet.


For det samla resultatet for alle elementa som er presenterte i fylkesbarometeret, er Vestfold og

Telemark i ei særstilling. Resultata i embetet ligg eit godt stykke over gjennomsnittet på alle målepunkta.

Oslo og Viken ligg også over snittet på alle måleelementa, men det er framleis eit stykke att for å nå nivået til Vestfold og Telemark. Agder og Innlandet er berre under landsgjennomsnittet for overordna beredskapsplan, på dei to andre målepunkta ligg dei over snittet.

Sjølv om vi ikkje viser det i figuren, kan vi til ein viss grad samanlikne resultatane i år med fylkesbarometer frå tidlegare år. Kommunane i Sogn og Fjordane er vanlegvis høgt oppe på lista, men som ein del av Vestland ligg dei under snittet på alle tre målepunkta. Nordland ligg vanlegvis eit stykke under landsgjennomsnittet, men innerter i fylket er det store forbetringar å spore. Det gjeld også andre samfunnstryggleiksindikatorar enn dei som inngår i fylkesbarometeret.

Resultata i fylkesbarometeret er spegla i årsrapporteringa frå embeta. Embeta prioriterer oppfølging av korleis kommunane etterlever beredskapsplikta, og det blir synleg i stadig betre resultat i kommuneundersøkinga.



**FIGUR 17.** Det nye fylkesbarometeret. Resultat frå årets undersøking presentert etter dei nye embeta.

KAPITTEL

---

# 04

---

Særtema 2019

---



## 4.1

### NATURHENDINGAR, FØLGJEHENDINGAR OG KONSEKVEN SAR

Røynsler frå dei siste åra viser at nær sagt heile landet blir ramma av til dels alvorlege naturhendingar. I 2016 svarte berre 36 prosent av alle kommunane at dei ikkje hadde vore utsette for noka alvorleg naturhending dei siste fire åra.


Vi har teke opp att same spørsmål i årets undersøking, men denne gongen spurt om dei siste to åra (figur 18). Vi kan dermed ikkje samanlikne direkte med 2016-tala, men samla sett gjev tala ei oversikt over dei siste seks åra. Vi har ikkje definert kriterium for kva alvorlege naturhendingar er, men legg til grunn at kommunane gjer ei sjølvstendig vurdering ut frå kva dei opplevde som alvorleg.

Meir enn halvparten av kommunane seier i undersøkinga i år at dei har opplevd ei eller fleire alvorlege naturhendingar dei siste to åra:

- 31 prosent svarer sterk vind.
- 22 prosent svarer flaum.
- 18 prosent svarer skred.
- 16 prosent svarer overvatn eller vatn på avveggar.

Sju prosent har også opplevd stormflodhendingar som har vore av alvorleg grad. Fleire kommunar har kryssa av for fleire av hendingane, og fleire hendingar kan ha skjedd samtidig. Spørsmålet gav ikkje høve til å gje uttrykk for dette.


Kommunane fekk høve til å supplere svaralternativa på alvorlege naturhendingar. Hendingar som vart nemnde er, ikkje overraskande etter sommaren 2018, ekstrem tørke og skogbrann. Nokre kommunar dreg også fram alvorlege hendingar med kraftig snøfall.



**FIGUR 18.** Har kommunen vore utsett for alvorlege naturhendingar siste to år? I så fall kva typar? Fleire svar mogleg.



**FIGUR 19.** Kart som viser alvorlege naturhendingar fordelte på fylke. Dei ulike søylene representerer ulike naturhendingstypar, og høgda på søyla viser mengda av naturhendingane.




Kartet viser at dei fleste fylke har vore utsette for alvorlege naturhendingar i løpet av dei siste to åra (figur 19). Agder har opplevd mange alvorlege naturhendingar, og spesielt flaum, vind og overvatn har gjeve store utfordringar for fylket. Fleire Agder-kommunar har i tillegg hatt alvorlege hendingar med kraftig snøfall. Trøndelag har hatt få hendingar dei siste to åra. Dei fleste kommunar på Austlandet har heller ikkje opplevd mange hendingar. Unntaket er Hedmark som skårar relativt høgt på talet på hendingar med flaum. For Nord-Noreg sin del er det flest vind-hendingar som har sett kommunane på prøve.

Veldig ofte er det ikkje den alvorlege naturhendinga i seg sjølv, men følgjehendingar av denne, som gjev utfordringar for kommunen og befolkninga. Det kan til dømes vere svikt og forstyrningar i kritiske samfunnsfunksjonar (figur 20).


Vi bad kommunane svare på kva følgjer naturhendingane fekk.

Om lag 50 prosent svarte at alvorlege naturhendingar førte til svikt i framkomsttilgang for personar og gods, og 34 prosent av kommunane svarte forstyrningar i forsyning av energi. Vidare ser vi at tilgang på elektronisk kommunikasjon blir påverka under naturhendingar. Fleire nemner også helse- og omsorgstenester og oppfølging av særleg sårbare grupper som blir ramma.

Både alvorlege naturhendingar og følgjene av desse kan gje store konsekvensar for kommunen og befolkninga (figur 21).



FIGUR 20. Kva følgjehendingar førte naturhendinga til? Fleire svar mogleg.



FIGUR 21. Konsekvensar av naturhendinga og/eller følgjehendingane. Fleire svar mogleg.

41 prosent av kommunane svarte at naturhendinga og/eller følgjehendingar førte til skadar på infrastruktur, 36 prosent svarte at desse førte til skadar på private bustader, 23 prosent opplyste at naturhendingar og eller følgjehendingar gav skadar på naturmiljø, og 20 prosent av kommunane svarte at naturhendinga og/eller følgjehendingar førte til behov for evakuering. Når vi ser nærare på konsekvensane av dei alvorlege naturhendingane, så ser det ut som at det er flaum og sterk vind som fører til flest skadar på infrastruktur og private bustader.


#### 4.1.1 EKSISTERANDE BUSETNAD SOM ER UTSETT FOR NATURFARE

Mykje eksisterande busetnad er oppført i ei tid der det ikkje var like strenge krav som i dag til tryggleik mot naturfarar. Ny kunnskap, slik som til dømes nyare kartleggingar av fare for flaum og skred, kan også avdekkje fareområde som tidlegare ikkje var like godt kjende. I slike område kan det i dag liggje eksisterande busetnad. I årets undersøking ønskte vi å få meir informasjon om i kva grad kommunane har oversikt over busetnad som ligg slik plassert at dei ikkje tilfredsstillir krava til tryggleik mot naturfare i samsvar med TEK17, kap.7. Vi ønskte også å vite om dei har vurdert eller gjennomført relokalisering av utsett eksisterande busetnad til tryggare område (figur 22).

På spørsmål om kommunen har busetnad som ligg slik plassert at dei ikkje tilfredsstillir krava i TEK17, kapittel 7, så svarer så mange som 40 prosent at dei har det. Her må vi presisere at vi ikkje har spurt om kva slags eller kor mykje busetnad det er snakk om. Kommunen bør ha oversikt over slik risiko for å kunne setje i verk tiltak. Men heile 35 prosent svarer at dei ikkje er sikre på om dei har busetnad slik plassert. Dette talet meiner vi er for høgt. Ein kommune kommenterer:

*“Vi har eldre bebyggelse som ligger i områder hvor TEK17 kap 7 hadde kommet til anvendelse ved byggesaksbehandling i dag”.*

Vi ser at det er få kommunar som har vurdert eit så radikalt tiltak som relokalisering av busetnad til tryggare område. Av dei 30 kommunane som svarte at dei har vurdert dette, er det berre 20 prosent som svarer at dei faktisk har gjennomført slik relokalisering.



FIGUR 22. Eksisterande busetnad utsett for naturfare og vurdering av relokalisering.

## 4.2

### TOTALFORSVARET

Totalforsvaret er ei fellesnemning for det militære forsvaret og den sivile beredskapen i Noreg. Omgrepet omfattar gjensidig støtte og samarbeid mellom sivil og militær side for å førebyggje, planleggje for og handtere kriser i fred, tryggingsspolitiske kriser, væpna konflikt og krig. Totalforsvaret består av summen av dei samla ressursane i landet; offentlege, private, kommersielle og frivillige.

Hausten 2016 oppretta regjeringa eit program for å vidareutvikle totalforsvaret og auke motstandsdyktigheita i kritiske samfunnsfunksjonar. Dette er eit område innanfor samfunnstryggleik det har vore lite merksemd rundt etter den kalde krigen tok slutt. Bakgrunnen er at Noreg og Europa i dag opplever eit endra tryggingsspolitisk bilete.


Totalforsvarsprogrammet har fram til 1. januar 2019 hatt fokus på sivil støtte til Forsvaret, særleg med førebuingar og gjennomføring av NATO-øvinga Trident Juncture 2018.

Ei rekkje kommunar var involverte i vertslandsstøttearbeid i samband med NATO-øvinga.

Dei neste åra skal programmet ha fokus på å vidareutvikle totalforsvaret på regionalt og lokalt nivå, gjennom kompetansehevingstiltak, tilrettelegging for erfaringsdeling mellom kommunar og sivil-militære øvingar.

I samband med oppstarten av dette arbeidet ønskte DSB å kartleggje status i kommunane innanfor nokre av dei mest sentrale områda av arbeidet med totalforsvaret.

Kommuneundersøkinga viser at dei fleste kommunar er kjende med arbeidet som blir gjort nasjonalt med vidareutvikling av totalforsvaret (figur 23). Det er likevel berre i underkant av ein tredjedel av kommunane som svarer at dei kjenner til arbeidet i svært stor grad eller i stor grad. Ikkje overraskande ser vi at det er kommunar som har samarbeidd med forsvaret, i samband med arbeid med heilskapleg ROS, beredskapsplanlegging, øvingar eller krisehandtering, som i størst grad seier at dei har kjennskap til totalforsvaret.



FIGUR 23. Spørsmål knytte til totalforsvaret.

Seks prosent av kommunane svarer at dei i svært liten grad eller ikkje i det heile er førebudde på å vareta eige ansvar innanfor sivilvern. Kommunen sitt ansvar for å beskytte sivilbefolkninga, til dømes gjennom varsling og evakuering, ser dermed ut til å vere godt vareteke.

Vertslandsstøtte er definert som sivil og militær assistanse til allierte styrkar og andre organisasjonar, som er stasjonert i, som opererer i eller er i transitt gjennom vertsnasjonen sitt territorium, i fred, i kriser og naturkatastrofar eller krig<sup>2</sup>. Dette er ein viktig del av kommunane si rolle i totalforsvaret. Resultata viser at kommunane i varierende grad er førebudde på denne oppgåva. NATO-øvinga hausten 2018 gav eit utval kommunar erfaring med varetaking av slik vertslandsstøtte. Ei nærare undersøking av resultata viser at det i hovudsak er dei kommunane som deltok i eller som øvinga kom ved, som svarer at dei er førebudde på å vareta slik vertslandsstøtte (figur 24).

Tala fortel oss vidare at kommunar som har samarbeidd med forsvaret (i samband med arbeid med heilskapleg ROS, beredskapsplanlegging, øvingar eller krisehandtering) i større grad opplyser at dei er førebudde på å vareta eiga rolle i totalforsvaret enn kommunar som ikkje har samarbeidd med forsvaret.

For dei kommunane som ikkje har vore involverte i øvinga, er det nærliggjande å tru at rolla som vertslandsstøtte er meir uhandgripeleg, slik ein av respondentane også utdjupar i kommentarfeltet:

*“Vertslandsstøtte har ikke vært aktuelt hittil. Derfor er spørsmålet vanskelig å besvare i det man ikke vet hvilken støtte som eventuelt skal gis”.*


Nær halvparten av kommunane i landet svarer at dei har prosedyrar for å handtere gradert informasjon. Tryggleiksgradering på slik informasjon kan vere *Avgrensa, Konfidensiell, Hemmeleg* eller *Strengt hemmeleg*. Det er ulike krav til dei ulike graderingane, der *Strengt hemmeleg* har dei strengaste krava. For å handtere gradert informasjon på eit visst nivå må ein også ha tryggingsklarert personell.

DSB er oppteke av at kommunane har ei heilskapleg og systematisk tilnærming til samfunns-tryggleiksarbeid og ein såkalla “all-hazard-approach”. Det inneber at arbeidet med totalforsvaret bør vere ein integrert del av kommunane sitt arbeid med fagområdet.

Resultata i kapittel 2.4 knytte til samarbeid med ulike aktørar, viser at kommunane i for liten grad samarbeider med Forsvaret når det kjem til arbeid med samfunnsstryggleik. Prosentdelen som samarbeider med Forsvaret om heilskapleg ROS, overordna beredskapsplan og øvingar og krisehandtering ligg ein stad mellom 20 og 30 prosent. DSB ønskjer å forbetre desse resultata i arbeidet med totalforsvarsprogrammet.

<sup>2</sup> FFI-rapport 16/01408 Responsive forsyningskjeder og sivilmilitært samarbeid (2016). <https://www.ffi.no/no/Rapporter/16-01408.pdf>

**FIGUR 24.** Kartet viser kva kommunar som svarer at dei er førebudde på å vareta rolla si som vertslandsstøtte (mørk farge = i svært stor grad). Kartet nedst til høgre viser kva delar av landet som var påverka av NATO-øvinga.



Kilde: Forsvaret.

## 4.3

### DRIKKEVASSFORSYNING

Den overordna beredskapsplanen til kommunen skal samordne og integrere andre beredskapsplanar i kommunen. I tillegg til kommunen sine egne fagområde, er det også viktig at beredskapsplanar hos andre relevante aktørar er samordna med den overordna beredskapsplanen i kommunen. Det gjeld til dømes vassverka sine beredskapsplanar for drikkevassforsyning.

I kommuneundersøkinga i 2019 har vi spurt kommunane om overordna beredskapsplan er samordna med beredskapsplanar for drikkevassforsyning.

- 76 prosent av kommunane svarte ja, 16 prosent svarte nei, og 8 prosent var ikkje sikre.

## 4.4

### HELSEBEREDSKAP


På vegne av Helsedirektoratet har DSB i årets undersøkelse spurt om arbeidet med helseberedskapsplaner i kommunene (figur 25).

- 82 prosent svarer at kommunen har utarbeidet en helseberedskapsplan.
- 40 prosent svarer at helseberedskapsplanen er øvd.
- 30 prosent har ikke øvd og like mange er ikke sikker på om planen er øvd.

Kravene til helseberedskap er formulert noe annerledes enn kravene i kommunal beredskapsplikt. Det er for eksempel kommunestyret som skal sørge for fastsettelse av tidspunkt for oppdatering og evaluering av helseberedskapsplanen. Det er i tillegg krav til at personell som er tiltenkt oppgaver i planen har øvd, og har nødvendig beskyttelsesutstyr og kompetanse.

Vi spurde kommunane når helseberedskapsplanen sist vart revidert:

- 41 prosent svarer at kommunen har revidert planen i 2019 og 2018.
- 49 prosent svarer at planen er revidert i 2017 eller tidlegare.
- 10 prosent svarer at dei ikkje er sikre.



FIGUR 25. Kommunane sine helseberedskapsplanar.

Kommentarane til spørsmåla knytte til helseberedskap viser at kommunane forstår krava til helseberedskapsplan ulikt:

*“Kommunen har ikke en egen helseberedskapsplan, men har mange delplaner; smittevernplan, pandemiplan og operativ plan relatert til hendelser”.*

*“Vi har ingen egen “Helseberedskapsplan”. Det bør heller ingen ha. Den er innarbeidet i kommunens ulike kriseplandeler - alle “kjernevirksomheter” skal kunne opprettholde/øke kapasitet avhengig av situasjon (herunder regional støtte)”.*




## 4.5 EIGENBEREDSKAPS- KAMPANJEN

I oktober 2018 lanserte DSB, i samarbeid med Oslo kommune, kampanjen “Du er ein del av beredskapen i Noreg” for å styrkje medvitet og kunnskapen om eigenberedskap i befolkninga. Kampanjemateriell vart gjort tilgjengeleg for alle kommunar, og 55 prosent av kommunane lanserte kampanjen på nettsidene sine.

I årets undersøking valde vi derfor å spørje om kommunane si oppfatning om eigenberedskapskampanjen. Som det går fram av resultatet, synest kommunane at kampanjemateriellet DSB gjorde tilgjengeleg, var nyttig og relevant (figur 26). I tillegg er majoriteten av kommunane tydelege på at dei ønskjer meir materiell, råd og rettleiing frå DSB.

Vi lét denne merknaden frå ein av kommunane bli siste ord i årets kommuneundersøking:

*“Kommunens befolkning er i stor grad vant til/forberedt på å iverksette egenberedskap. Felles nasjonal informasjon og råd er likevel viktig og forsterkende og bidrar til felles forståelse for de ulike problemstillingene som må håndteres”.*



FIGUR 26. DSB eigenberedskapskampanje.



---

## Vedlegg

---

## SPØRJESKJEMA 2019

### **Takk for at du vil delta i undersøkinga.**

Du kjem i gang ved å trykke Neste nede i høgre hjørne. Du kan flytte deg fram og tilbake i spørjeskjemaet utan at svara forsvinn. Dersom du blir avbroten i løpet av svaret, kan du halde fram seinare ved å gå inn på den same lenkja i e-posten.

Undersøkinga skal svarast på elektronisk. Dersom du ønskjer å skrive ut spørjeskjema på førehand, kan du trykkje på skrivarikonet nedanfor. Du vil også få høve til å skrive ut svaret når du har gjennomført undersøkinga.

Hovudtemaet er kommunen si oppfølging av krav til kommunal beredskapsplikt. I tillegg har vi spørsmål om naturfare, totalforsvar, naudvatn, helseberedskap og eigenberedskap. Har du avgrensa kjennskap til eitt eller fleire av spørsmåla, så ta med skjemaet til ein kollega.

### **Hovudtema:**

#### **Status for samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunane**

Frå 2010 har kommunane hatt ei lovpålagd kommunal beredskapsplikt. Etterleving av lov og forskrift er hovudtema for kommuneundersøkinga.

#### **Heilskapleg ROS**

Kommunane skal kartleggje kva uønskete hendingar som kan skje i kommunen, vurdere sannsynet for at desse hendingane skjer og korleis dei i så fall kan påverke kommunen. Resultatet skal vurderast og samanstillast i ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse.

**Har kommunen gjennomført heilskapleg ROS? I så fall, når vart han sist gjennomført?**

- (1)  2019  
 (2)  2018  
 (3)  2017  
 (4)  2016  
 (5)  2015  
 (6)  2014 eller tidlegare  
 (7)  Ikkje gjennomført  
 (8)  Har gjennomført, men usikker på kva år  
 (9)  Ikkje sikker

**Er følgjande forhold vurdert i kommunen sin heilskaplege ROS?**

	Ja	Delvis	Nei	Ikkje sikker
Risiko og sårbarheit utanfor kommunen sitt geografiske område som kan ha påverknad på kommunen	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Særleg utfordringar knytte til kritiske samfunnsfunksjonar*	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Framtidig risiko og sårbarheit	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>

\*dei funksjonane som er nødvendige for å vareta dei grunnleggjande behova til befolkninga og samfunnet.

**Har kommunen i sin heilskaplege ROS vurdert evna si til å halde oppe følgjande funksjonar ved uønskete hendingar?**

	Ja	Delvis	Nei	Ikkje sikker
Kriseleiing	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Helse- og omsorgstenester	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Brann- og redningstenester	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Vatn og avløp	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>

## VEDLEGG

### I arbeidet med heilskapleg ROS, kor enkelt eller vanskeleg er det å finne fram til informasjon om naturfare i kommunen?

- (1)  1 Svært vanskeleg
- (2)  2
- (3)  3
- (4)  4
- (5)  5 Svært enkelt
- (7)  Ikkje sikker

#### **Mål og plan for oppfølging**

Det er eit krav at samfunnstryggleiksarbeidet i kommunen skal vere heilskapleg og systematisk. At det blir utarbeidd mål, strategiar og prioriteringar, og at kunnskap og erfaring frå heilskapleg ROS blir vareteke i det vidare arbeidet i kommunen. Til dømes i plan- og styringssystem.

### Har kommunen utarbeidd mål for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap?

- (1)  Ja
- (2)  Nei
- (3)  Ikkje sikker

### Har kommunen utarbeidd plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet?

- (1)  Ja
- (2)  Nei
- (3)  Ikkje sikker

### Er arbeidet kommunen gjer med samfunnstryggleik og beredskap, integrert i ein eller fleire av følgjande planar etter plan- og bygningslova?

- (1)  Kommunal planstrategi
- (2)  Kommuneplanen
- (3)  Handlingsdelen i kommuneplanen
- (4)  Kommunedelplan/temaplan for samfunnstryggleik og beredskap
- (5)  Kommunen sin økonomiplan
- (6)  Andre planar/andre styringsdokument
- (7)  Ingen av desse
- (8)  Ikkje sikker

**Overordna beredskapsplan**

Overordna beredskapsplanen skal samordne og integrere andre beredskapsplanar som den enkelte kommune har ansvar for. I tillegg skal han vere samordna med andre aktørar. Overordna beredskapsplan skal vere oppdatert og som eit minimum reviderast ein gong om året.

**Har kommunen utarbeidd ein overordna beredskapsplan?**

- (1)  Ja  
 (2)  Nei  
 (3)  Ikkje sikker

**Når vart gjeldande overordna beredskapsplan sist revidert?**

Dersom planen ikkje er revidert - kryss av for når planen er utarbeidd.

- (1)  2019  
 (2)  2018  
 (3)  2017 eller tidlegare  
 (4)  Ikkje sikker

**Er kommunen sin overordna beredskapsplan utarbeidd med utgangspunkt i heilskapleg ROS?**

- (1)  Ja  
 (2)  Delvis  
 (3)  Nei  
 (4)  Ikkje sikker

**Inneheld overordna beredskapsplan følgjande?**

	Ja	Nei	Ikkje sikker
Plan for kommunen si kriseleiiing	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Varslingsliste for aktørar i kommunen si krisehandtering	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Oversikt over interne og eksterne ressursar	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Evakueringsplan	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Plan for krisekommunikasjon	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>

## VEDLEGG

### Øvingar

Kommunen sin beredskapsplan skal øvast annakvart år. Scenarioa for øvingane bør hentast frå kommunen sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse. Kommunen skal øve saman med andre kommunar og relevante aktørar der valt scenario og øvingsform gjer dette passande.

### Har kommunen øvd eigen beredskapsorganisasjon i samsvar med krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt? I så fall, kva for eit år vart det sist øvd?

- (1)  2018
- (2)  2017
- (3)  2016 eller tidlegare
- (4)  Har øvd, men ikkje sikker på kva år
- (5)  Har ikkje øvd
- (6)  Ikkje sikker

### Forankring

Ved å leggje til rette for kommunestyrebehandling av heilskapleg ROS, plan for oppfølging og overordna beredskapsplan, blir det også lagt til rette for at leiinga i kommunen tek stilling til viktige samfunnstryggleiksspørsmål. Korleis kommunen forankrar arbeidet med samfunnstryggleik er opp til kommunen sjølv, til dømes når, korleis og kor ofte kommunestyret blir involvert.

### Er heilskapleg ROS forankra i kommunestyret?

- (1)  Ja
- (2)  Nei
- (3)  Ikkje sikker

### Er plan for oppfølging forankra i kommunestyret?

- (1)  Ja
- (2)  Nei
- (3)  Ikkje sikker

### Er overordna beredskapsplan forankra i kommunestyret?

- (1)  Ja
- (2)  Nei
- (3)  Ikkje sikker

**Samarbeid og samordning**

Kommunen si samordningsrolle inneber at kommunen tek ei pådrivarrolle, inviterer med andre samfunnstryggleiksaktørar og legg til rette for å samarbeide om verkemidla.

**Kva for nokre aktørar har kommunen samarbeidet med innan følgjande tema:**

	Andre kommunar	Andre offentlege aktørar	Private aktørar	Sivilforsvaret	Forsvaret	Frivillige organisasjonar	Ingen av desse	Ikkje sikker
Heilskapleg ROS	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>	(7) <input type="checkbox"/>	(8) <input type="checkbox"/>
Beredskapsplanlegging	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>	(7) <input type="checkbox"/>	(8) <input type="checkbox"/>
Øvingar	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>	(7) <input type="checkbox"/>	(8) <input type="checkbox"/>
Krisehandtering	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>	(7) <input type="checkbox"/>	(8) <input type="checkbox"/>

**Kommunalt beredskapsråd**

For å samle samfunnstryggleiksaktørar i kommunen tilrår DSB at det blir etablert kommunale beredskapsråd. Dette kan vere ein viktig arena for kommunen i å ta vare på samordningsrolla.

**Har kommunen etablert beredskapsråd?**

- (1)  Ja  
 (2)  Nei  
 (3)  Ikkje sikker

## VEDLEGG

### Særtema 2018

- Naturhendingar
- Totalforsvaret
- Naudvatn
- Helseberedskap
- Eigenberedskap

**Har kommunen vore utsett for alvorlege naturhendingar dei siste to åra? I så fall, kva typar? Fleire svar mogleg.**

- Flaum
- Skred
- Overvatn/vatn på avveie
- Sterk vind
- Stormflo
- Anna alvorleg naturhending, skildre: \_\_\_\_\_
- Ingen alvorlege naturhendingar siste to åra
- Ikkje sikker

(dersom ja)

**Førte naturhendinga til følgjehendingar (svikt eller forstyrringar) for nokon av desse samfunnsfunksjonane? Fleire svar mogleg.**

- Forsyning av mat og medisinar
- Ta hand om behov for husly og varme
- Forsyning av energi
- Forsyning av drivstoff
- Tilgang til elektronisk kommunikasjon
- Forsyningar av vatn og avløpshandtering
- Å kunne få fram personar og gods
- Oppfølging av særleg sårbare grupper
- Naudsynte helse- og omsorgstenester
- Nød- og redningsteneste
- Kommunen si kriseleiing og krisehandtering
- Ingen av desse
- Ikkje sikker



(dersom ja)

**Førte naturhendinga og/eller eventuelle følgjehendingar til noko av det følgjande?  
Fleire svar mogleg.**

- Skadar på samfunnsviktige bygg
- Skadar på infrastruktur
- Skadar på private bustader
- Skadar på kulturminne/-miljø
- Skadar på naturmiljø
- Konsekvensar for liv og helse i befolkninga
- Behov for evakuering
- Ingen av desse
- Ikkje sikker

Byggteknisk forskrift (TEK17), kapittel 7 omfattar krav om tryggleik mot naturfare, medrekna tryggleik mot flaum, stormflod og skred. Forskrifta seier kva tryggleiksnivå som skal leggjast til grunn ved regulering og bygging i fareområde.

**Har kommunen eksisterande busetnad som ligg slik plassert at dei ikkje tilfredsstillar krava til tryggleik mot naturfare (TEK17, kap.7)?**

- Ja
- Nei
- Ikkje sikker

(dersom ja)

**Er relokalisering til tryggare område vurdert som tiltak for eksisterande busetnad som er utsett for naturfare i kommunen din?**

- Ja
- Nei
- Ikkje sikker

**Dersom ja, er relokalisering gjennomført i kommunen din?**

- Ja
- Nei

## VEDLEGG

### Totalforsvaret

Totalforsvaret går ut på at det skal vere gjensidig støtte og samarbeid mellom Forsvaret og det sivile samfunnet knytt til førebygging, beredskapsplanlegging og krisehandtering i heile krisespekteret frå fred via tryggingpolitisk krise til krig. Totalforsvaret består av summen av dei samla ressursane i landet; både offentlege, private, kommersielle og frivillige. I perioden 2016–2018 har Totalforsvarsprogrammet hatt særleg fokus på sivil støtte til Forsvaret. I 2019 vil fokuset vere særleg retta mot regionalt og lokalt nivå.

### I kva grad er kommunen din kjend med arbeidet som blir gjort nasjonalt med vidareutvikling av totalforsvaret?

- (1)  1 I svært stor grad  
(2)  2  
(3)  3  
(4)  4  
(5)  5 Ikkje i det heile tatt  
(6)  6 Ikkje sikker

### I kva grad er kommunen førebudd på å vareta eiga rolle i totalforsvaret innanfor desse områda:

	1 I svært stor grad	2	3	4	5 Ikkje i det heile tatt	6 Ikkje sikker
Vern av sivilbefolkninga (varsling, evakuering, vern)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Vertslandstøtte ved mottak av allierte forsterkingar frå NATO	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

### I kva grad har kommunen prosedyrar for handtering av gradert informasjon?

- (1)  1 I svært stor grad  
(2)  2  
(3)  3  
(4)  4  
(5)  5 Ikkje i det heile tatt  
(6)  6 Ikkje sikker

**Naudvatn**

Vassverkseigar skal leggje til rette for at vassforsyningssystemet kan levere naudvatn til drikke og personleg hygiene utan bruk av det ordinære distribusjonssystemet.

**Er den overordna beredskapsplanen i kommunen samordna med beredskapsplanar for drikkevassforsyning?**

- (1)  Ja
- (2)  Nei
- (3)  Ikkje sikker

**Har kommunen øvd på distribusjon av naudvatn?**

- (1)  Ja
- (2)  Nei
- (3)  Ikkje sikker

**Helseberedskap**

På vegner av Helsedirektoratet ber vi om informasjon om kommunane sine helseberedskapsplanar.

**Har kommunen utarbeidd ein helseberedskapsplan?**

- (1)  Ja
- (2)  Nei
- (3)  Ikkje sikker

**Når vart helseberedskapsplanen sist revidert?**

- (1)  2019
- (2)  2018
- (3)  2017 eller tidlegare
- (4)  Ikkje sikker

**Er helseberedskapsplanen øvd?**

- (1)  Ja
- (2)  Nei
- (3)  Ikkje sikker

## VEDLEGG

### **Eigenberedskap**

DSB har i samarbeid med Oslo kommune utarbeidd kampanjen “Du er ein del av beredskapen i Noreg”, der målet er å auke medvitet og kunnskapen i befolkinga om eigenberedskap. I den samanhengen har DSB tilbydd alle kommunar tekst, bilete og anna materiell til fri bruk. DSB har også distribuert ein brosjyre til alle husstandane i landet.

**I kva grad har det vore nyttig og relevant for kommunen at DSB har gjort informasjonsmateriell tilgjengeleg til fri bruk?**

- (1)  1 I svært stor grad
- (2)  2
- (3)  3
- (4)  4
- (5)  5 Ikkje i det heile tatt
- (6)  6 Ikkje sikker

**I kva grad er det ønskeleg å få ytterlegare materiell, råd og rettleiing frå DSB om korleis kommunen kan arbeide for auka eigenberedskap hos innbyggjarane?**

- (1)  1 I svært stor grad
- (2)  2
- (3)  3
- (4)  4
- (5)  5 Ikkje i det heile tatt
- (6)  6 Ikkje sikker

**Kva ønskjer i så fall kommunen at DSB skal bidra med? (svar i fritekst)**

Fritekst:

---

---

---

---

---

Har du kommentarar til kommuneundersøkinga i år, kan du skrive inn her:

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

Takk for tilbakemeldinga di. Svare dine er no registrerte, og svaret ditt er fullført når du klikkar Avslutt.

Du blir sendt vidare til DSB si heimeside etter å ha klikka Avslutt.  
Du kan skrive ut svaret ditt ved å klikke på skrivarikonet nedanfor.

Med venleg helsing  
Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap













Direktoratet for  
samfunnstryggleik  
og beredskap

**DSB**  
**Rambergveien 9**  
**Postboks 2014**  
**3103 Tønsberg**

**+47 33 41 25 00**

**postmottak@dsb.no**  
**www.dsb.no**



**/DSBNorge**



**@dsb\_no**



**dsb\_norge**



**dsbnorge**

**ISBN 978-82-7768-500-7 (PDF)**  
**HR 2426**  
**April 2019**